



Prop. 1 S Tillegg 2

(2012–2013)

Proposisjon til Storting (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2013

Endring av Prop. 1 S (2012–2013) om statsbudsjettet 2013 (grøne løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet 9. november 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Havbruksnæringa er ei viktig næring i vekst. Regjeringa ynskjer å legge til rette for ei berekraftig og konkurransedyktig næring som kan bidra til aktivitet og verdiskaping langs kysten. Siste kapasitetstildeling fann stad i 2011 då Troms og Finnmark fekk 5 prosent kapasitetsauke, i form av auka MTB (maksimal tillaten biomasse) per løyve. Kapasitetsvekst i resten av landet vart utsett, grunna lakselussituasjonen fleire stader langs kysten. I Prop. 1 S (2012-2013) for Fiskeri- og kystdepartementet er det opplyst at det ville bli gjort ei ny vurdering av spørsmålet om kapasitetsvekst i løpet av 2012.

Fiskeri- og kystdepartementet har i samråd med Miljøverndepartementet bedt om faglege statusrapportar frå relevante direktorat og institutt. Rømmingssituasjonen er vurdert av Havforskningsinstituttet (HI) og Norsk institutt for naturforskning (NINA). Sjukdom og smitte er vurdert av HI, Veterinærinstituttet og NINA, medan HI også vart bedt om å vurdere situasjonen for forureining og utslepp. Fiskeridirektoratet, Mattilsynet,

Klima- og forureiningsdirektoratet og Direktoratet for naturforvaltning vart bedne om å gi vurderingar innanfor sine kompetansefelt.

Regjeringa meiner at det er rom for vekst i havbruksnæringa i 2013. Regjeringa vil opne for å tildele inntil 45 nye *grøne løyve*, for å stimulere til utvikling av nye teknologiske løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i næringa.

2 Nærare om forslaget

Miljøutfordringane i lakseoppdrett er no særleg knytt til lakselus og rømming. Utviklinga av nye og meir miljøvennlege løysingar er difor naudsynt. For å stimulere til ei slik utvikling, vil regjeringa tildele inntil 45 nye grønne løyve til aktørar som vil bruke teknologiar og driftsformer som er meir miljøvennlege enn dei som blir brukt i allminneleg kommersiell samanheng i dag.

35 av dei 45 nye grønne løyva krev innløyising av eit gjeldande løyve. Det blir tildelt eit nytt grønt løyve med grønne vilkår mot omgjerjing av eit gjel-

dande løyve som får same grønne vilkår. Det vil seie at ein med innløyning av eit gjeldande løyve vil få to grønne løyve. Det vil bli sett strenge krav for dei grønne løyva når det gjeld luseutslepp eller redusert risiko for rømming av oppdrettsfisk.

20 av dei 35 nye grønne løyva som krev innløyning av eit gjeldande løyve, skal tildelast i Troms og Finnmark, fordelt på 10 i kvart fylke. Dei 10 løyva i Finnmark og 5 løyve i Troms er opne for alle søkjarar, medan 5 av løyva i Troms blir reservert mindre aktørar. Om ikkje alle løyva til dei mindre aktørane blir tildelt, kan dei resterande gå til større aktørar. Tildelinga av desse løyva vil skje til fast pris. Vederlaget per løyve blir sett til 10 millionar kroner.

Dei resterande 15 av dei 35 nye grønne løyva som krev innløyning, vil kunne tildelast over heile landet. Desse løyva vil tildelast gjennom lukka bod for søkjarar som oppfyll minimumskrav.

Det skal i tillegg tildelast 10 nye grønne løyve over heile landet utan krav om innløyning. For desse løyva vil det bli stilt strengare miljøkrav – ved at løysingane må vere *vesentleg* betre enn dei som er brukt i kommersiell samanheng i dag. Tildelinga av desse løyva vil skje til fast pris. Vederlaget per løyve blir sett til 10 millionar kroner.

Vilkår som følgjer dei enkelte løyva vil kome i tillegg til ordinære lov- og forskriftsfesta krav.

Eit fagleg kollegialt organ utnemnd av Fiskeri- og kystdepartementet skal handsame alle søknadane i denne tildelingsrunda:

- Vurdere om minimumskriteria er oppfylt for dei 35 løyva som krev innløyning. For 15 av løyva vil dette innebære prekvalifisering før tildelinga blir avgjort når dei lukka boda blir opna. For dei 20 løyva i Troms og Finnmark skal same organ vurdere søknadane opp mot

kvarandre, og avgjere tildelinga i første hand ved å prioritere søknadane med størst potensial for samla miljøforbetring.

- For dei 10 løyva som ikkje krev innløyning, skal same organ vurdere søknadane opp mot kvarandre, og avgjere tildelinga i første hand ved å prioritere søknadane med størst potensial for samla miljøforbetring.

3 Endringar på statsbudsjettet

Tildelingsrunda kan gi inntekter på anslagsvis 450 millionar kroner. Dei 30 løyva til fast pris vil gi inntekter på 300 millionar kroner, medan det er meir usikkert kva pris som blir oppnådd for dei resterande løyva i lukka bod.

Når det gjeld fordelinga av inntektene frå tildelinga blir det fremma forslag om å løyve 4 millionar per løyve til aktuelle fylkeskommunar over kap. 1050, ny post 60. Midlane blir utbetalt etter talet på nye løyve som blir tildelt i dei enkelte fylka der løyva blir etablert. Det er ein føresetnad at Fiskeri- og kystdepartementet ikkje gir tilsegn om støtte til fylkeskommunar før vederlaget for oppdrettsløyva i det aktuelle fylket er innbetalt.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av Prop. 1 S (2012-2013) om statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet (grøne løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeare).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av Prop. 1 S (2012-2013) om statsbudsjettet 2013 (grøne løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeare) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endring av Prop. 1 S (2012–2013) om
statsbudsjettet 2013 (grøne løyve til oppdrett av laks, aure og
regnbogeare)**

I

I statsbudsjettet for 2013 blir det løyvd under følgjande kapittel:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1050		Diverse fiskeriformål:	
	60 (ny)	Tilskot til fylkeskommunar	180 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4030		Fiskeridirektoratet:	
	13 (ny)	Inntekter vederlag oppdrettsløyve, blir løyvd med	450 000 000

=====



Tykk: AS O. Fredr. Arnesen. November 2012

241491